

	<b>SARS-CoV-2-testing av pasientar før utskrivning til førstegongs opphald på sjukeheim eller omsorgsbustad</b>		<b>Dokument-id: D25149</b>		
			<b>Prosedyre</b>		
<b>Beredskapsplan</b> Planar på Føretaksnivå Delplanar	<b>Utarbeidd av</b> Seksjonsleiar Kari Furevik, Kvalitet og pasienttryggleik	<b>Godkjent av</b> Fagdirektør	<b>Versjon</b> 1.01	<b>Gyldig frå</b> 16.07.2020	<b>Rev. innan</b> 16.07.2022
			<b>EK-ansvarleg</b> Øen, Terje Olav		

## 1 Føremål og omfang

Screening for SARS-CoV-2 i denne pasientgruppa skal kunne redusere risiko for utbrot av covid-19 i kommunale helseinstitusjonar.

Screeningdelen av denne rutina gjeld pasientar i Helse Førde som vert utskrivne til førstegongs opphald i sjukeheim eller kommunal omsorgsbustad. Endringar i smitteforekomst eller utbrot vil kunne føre til testing av ei breiare pasientgruppe.

## 2 Framgangsmåte

### 2.1 Ansvar

Avdelingssjef har ansvar for at prosedyren er kjend og vert følgd.

Helsepersonell ved sengepost har ansvar for at test vert rekvirert og utført før pasient vert utskreven og reiser frå sjukehuset.

### 2.2 Gjennomføring

[Delavtale for tilvising, innlegging i sjukehus og utskrivning frå sjukehus \(mai 2019\)](#) ligg som føresetnad. Testing/screening skal i minst mogleg grad forseinke planlagt utskrivning frå Helse Førde til kommunale helseinstitusjonar. Definisjon av når ein pasient er vurdert utskrivningsklar etter [Forskrift om kommunal betaling for utskrivningsklare pasienter § 9. a-e](#) [Vilkår for at en pasient er utskrivningsklar](#) er heller ikkje påverka av denne prosedyren.

#### Screening:

1. Lege på sengepost rekvirerer test, og skriv inn namn på sjukeheim/omsorgsbustad pasienten dersom kjent. Bruk felt for kliniske opplysingar.
2. Pasienten skal ikkje smitteisolerast på sjukehuset i påvente av svar på screeningprøve.
3. Prøve for SARS-CoV-2-screening kan takast inntil 3 døgn før planlagt utskrivning til sjukeheim eller omsorgsbustad. Transport til sjukeheim med ambulanse føregår på dagtid, og analyse av screeningprøve må difor seinast skje kvelden før for at svar skal vere klart ved utreise.
4. Ved negativt prøvesvar på SARS-CoV-2 før utreise, skal informasjon inngå i PLO-melding og epikrise.
5. Ein skal tilstrebe, så langt drifta tillet det, å behalde pasient i sengeposten inntil negativt prøvesvar føreligg. Dersom ein må skrive ut før testresultat føreligg, skal dette formidlast snarast råd gjennom PLO-melding og/eller som tillegg til epikrise. Transporten kan skje på vanleg måte i påvente av svar på screeningprøve.
6. Unntaksvis kan utskrivning til sjukeheim skje utan at screeningprøve er tatt, men då i samråd med tilsynslege/kommunal institusjon. Døme: Palliativ/preterminal pasient.

### Testing på indikasjon:

Gjeld når pasient har symptom, vore eksponert for mogleg smitte før innlegging eller under opphaldet (lokalt utbrot i avdelinga):

1. Rutinemessig vil pasientar med luftvegssymptom, feber m.v. vere testa for covid-19 ved innlegging i sjukehuset. Ved nyoppståtte symptom eller mogleg eksponering for smitte under innlegginga, skal pasient testast på nytt før utreise.
2. Når indikasjon for testing er mistanke om covid-19-sjukdom, mogleg eksponering eller lokalt utbrot, føreligg også indikasjon for smitteisolering.
3. I slike tilfelle skal utskriving og transport utsetjast.
  - a. Ved symptom: Utskriving til sjukeheim/omsorgsbustad kan iverksetjast når negativt prøvesvar føreligg.
  - b. Ved mogleg eksponering/lokalt utbrot: OBS karantenereglar, konferer smittevern. Om drifta tillet det og i dialog med kommunen, vil Helse Førde tilstrebe å behalde pasienten ut karantenetida, og uansett fram til kommunen får organisert isolat/kohort.

### Ved uventa positiv prøve:

1. Pasient vert umiddelbart isolert etter dråpesmitteregime. Sjå rutine [Koronavirus \(SARS-CoV-2 \) mistanke, innlegging, mottak og testing](#)
2. Varsling etter rutine for lokalt utbrot, [Momentliste til bruk ved ev. Covid-19 smitteutbrot i sjukehus](#)

## 3 Bakgrunn

Pasientar i sjukeheimar og omsorgsbustadar er særleg utsette for alvorleg forløp for covid-19, og konsekvensane av utbrot av koronavirusinfeksjon i kommunale tenesteinstitusjonar er store. Eldre og skrøpelege med covid-19 kan vere asymptomatiske ved diagnosetidspunktet, og har desverre ofte atypiske symptom, inkludert ein eller fleire former for funksjonssvikt. Sjå óg retningslinjer frå [FHI - Testkriterier for koronavirus \(coronavirus\)](#).

## 4 Referansar

### Interne referansar

- [KLIN-HYG.03.01-15](#) Koronavirus (SARS-CoV-2 ) mistanke, innlegging, mottak og testing  
[BER-HFD.DEL.02-4](#) Samarbeid mellom Helse Førde og kommunane ved influensapandemi  
[BER-HFD.DEL.02-15](#) Momentliste til bruk ved ev. Covid-19 smitteutbrot i sjukehus

### Eksterne referansar

- [Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasienter § 9. a-e Vilkår for at en pasient er utskrivningsklar](#)  
[Delavtale for tilvising, innlegging i sjukehus og utskriving frå sjukehus \(mai 2019\)](#)  
[FHI - Testkriterier for koronavirus \(coronavirus\)](#)  
[FHI - Unødvendig å teste store grupper av friske ved lite koronasmitte](#)